

NOTAT

Tema: Region Nordhordland Helsehus IKS - budsjett og økonomiplan

Frå: Dagleg leiar i RNHI Rune Heradstveit

Til: Styret i RNHI

Dato: 18. november 2015

Region Nordhordland Helsehus IKS budsjett og økonomiplan

Innleiing

Det er satt opp eit budsjett og ein økonomiplan for investeringsprosjektet – Helsehuset. Når ein kjem til 2019 så vil ein gå over i ein driftsfase, men vi har førebels konsentrert oss om investeringsfasen.

Dette budsjettet tek utgangspunkt i det som styret fikk framlagt i styremøte 12.oktober. Rammene er om lag uendra. Oppsettet er litt endra fordi det er satt opp i samsvar med Norsk Standard slik rapporteringa i prosjektet vil skje seinare. Vi ser det difor som ein stor fordel at vi no utformar budsjettet slik at det vert samsvar mellom budsjett og slik økonomistyringa i prosjektet vil vere.

Føresetnadar og kommentarar til budsjettet

- Den totale låneramma for prosjektet er no 450 mill. kr.
- Rentenivået i perioden er satt til 2,5 %. I dag er den under 1,5 %.
- Rekna med at den areal til Helseforetaket (stat) er 4.200 m² og kommunalt 7.800 m². Det gjer at vi får refundert 65 % av inngåande mva.
- Felles inventar og utstyr – kor stor denne posten skal vere er avhengig av kor mykje som inngår i totalentreprisen og kor mykje som kvar einskild leigetakar sjølv må dekke. Er satt til 10 mill kr.
- Marginar og reserve er satt til 35,8 mill. kr. I denne inngår det 15 mill. kr i tilskott frå Husbanken. Dersom det tilskottet vert realisert har vi ein reserve på 50,8 mill. kr.
- Foreløpig er kostnadar med utbyggingsavtale sett til 18 mill. (1500 kr/kvm), men dette er usikkert då Lindås kommune enno ikkje har klar mal for utbyggingsavtale.

Ramma for totalentreprisen er no 287 mill. kr eks mva, inklusiv 7 mill. kr til utandørs arbeid.